


# DET ER JO MIT SMIL

Musical av Gretchen Cryer og Nancy Ford







## Jentene bak «Det er jo mitt show!»



Dei to jentene som har skapt «Det er jo mitt show!» (originaltittel: «I'm getting my act together and taking it on the road») er det einaste kvinnelege komponist og tekstforfattar-paret som skriv musicals i amerikansk showbusiness. (Jf. serien med intervju i fjernsynet nyleg, der Harald Tusberg har intervjuet ei rekkje slike par.) I dag er dei blant dei fremste i bransjen – men vegen dit har ikkje vore lett og glatt. Mangt og mykje av det Heddy syng om i denne musicalen, har ein sjølvbiografisk klang. Ikkje var det mange som ville spådd internasjonal karriere for denne musicalen heller i byrjinga. Men Joseph Papp – stormogul i New Yorks teateverd – trudde på stoffet og skapte originaloppsetjinga. Kritikken var lunken, men publikum tende. Urpremierer gjekk føre seg på Papps Anspacher Theater 14. juni 1978, og teatret

var optimistisk booka fram til desember. Men da neste oppsetjing skulle inn i Anspacher, var «Det er jo mitt show!» blitt så populær ei framsyning at ho vart overført til teatret Circle In The Square. Og der vart framsyninga gåande år etter år . . .

Cryer og Ford møtte einannan første gongen for tjuedefem år sidan, på eit universitet i Indiana. «Vi møtte einannen fordi ein gut på skolen var for sjenert til å be Gretchen ut,» fortel Ford, «så i staden spurde han om ho ikkje ville samarbeide om ein musical. Han ville ikkje eigentleg skrive noko, men Gretchen tok det alvorleg – så han forsvann, og eg tok over i dei neste 25 åra.» Men som gode amerikanske borgarlege jenter var ikkje tanken å skape seg ein sjølvstendig karriere, tanken var å bli godt gift og skape ein heim for mann og barn. Begge jentene følgde mønstret og gjorde



slik ein venta av dei. (Som Heddy!) Dei arbeidde som sekretærer mens mennene gjorde ferdig utdanninga si, stod på og ofra seg for «det felles beste». Men den amerikanske draumen sprakk – det vart skilsmål for begge to. Dei kom saman på nytt og tok opp tråden frå universitetsdagane.

Den første store New York-suksessen kom i 1967 med «Now Is The Time For All Good Men», som seinare vart spela under ein annan tittel, «Grassroots». Dei vann ei rekkje teaterprisar for «The Last Sweet Days Of Isaac», som vart spela med suksess ikkje berre i New York, men òg i London, Paris, Brüssel og Amsterdam. Den tredje musicalen deira, «Shelter», fekk premiere direkte på Broadway – eit sikkert teikn på at bransjefolk trudde på jentene. Det store gjennombrotet kom likevel med «I'm Getting My

Act— —» i 1978. Dei fleste større amerikanske byer har si eiga oppsetjing ved sida av årelang suksess i New York; Berlin, Paris, London, Montreal, København, Stockholm og Bergen har spela musicalen – – – no er altså endeleg turen komen til Oslo.

Dei to opphavskvinnene har ikkje berre ansvaret for tekst og musikk til framsyninga. Dei har spela på scenen òg! Cryer har spela Heddy (eller Heather som ho heiter i originalen) i New York, Chicago og Los Angeles, og Ford spela rolla i New York samstundes som Cryer spela i Los Angeles! No er paret i gang med nye musical-prosjekt, sjølv sagt – ein kan ikkje kvile på suksessen i amerikansk showbusiness. Det er òg planar om ein film bygd på «Det er jo mitt show».

## Kvinne med tæl i

*Alice:*

Her ser du ei kvinne med tæl i,  
mot i brystet, blikk av stål.  
Her er ei kvinne med tæl i,  
det kjennest trygt med meg i mål.  
Mitt liv er som ei forsikring,  
og her er premien betalt,  
og den kar'n eg har kjær, syn's at eg er topp,  
eg såg han i førre kvartal.

*Alice og Heddy:*

Så her ser du ei kvinne med tæl i,  
kjenner meg i super form.  
Eg er ei kvinne med tæl i,  
styrken min er som ein storm.  
Eg er klok, og meiningar har eg,  
det eg seier, kjem frå meg.  
Og den kar'n eg har kjær, syn's at eg er topp,  
for eg kan klare allting sjølv.

*Alice:*

For han veit eg hengjer meg ikkje på han,  
klokka to må han gå.  
Greier meg åleine,  
er lett å gå frå.  
Skiftar pakning i dassen . . .

*Heddy:*

Har ein plan med mitt liv . . .

*Alice og Heddy:*

Kanskje vi skulle snu på heile greia,  
kanskje vi treng eit viv!  
Her ser du ei kvinne med tæl i,  
mi tru på meg er heilt total.

*Heddy:*

Ordnar opp i kvar ei krise . . .

*Alice:*

Er så flink at eg snart blir gal.




*Alice og Heddy:*

Eg har det som plomma i egget,  
bygd opp livet mitt bit for bit,  
men vil du finne kjærleiken  
har kvinna med tæl i  
ikkje skjønt ein dritt!









# «Det er jo mitt show»!»

Ein musical av GRETCHEN CRYER og NANCY FORD

Heddy Jones    BRITT LANGLIE  
Joe             LASSE KOLSTAD  
Jack            ØYSTEIN WIIK  
Alice            MARIT KOLBRÆK  
Ruth            RUTH FASTING  
Cheryl          WENCHE LUND VENAAS

Bandet: EINAR IVERSEN, GUNNAR AAS, KNUT GUETTLER/  
PER LØBERG, NILS PETTER NYRÉN og ØYSTEIN WIIK.

Premiere i ABC-teatret 22. september 1982.

---

Omsett av ASTRID BREKKEN

Songtekstane omsette av RUNAR BORGE og ASTRID BREKKEN

Regi og koreografi: RUNAR BORGE

Scenografi og kostyme: MIA RUNNINGEN

Musikalsk leiing: EINAR IVERSEN

Musikalsk innstudering: TOR HULTIN

Lyd: MENY BLOCH

Maske: DORO WALSTAD

Inspisient: STEIN HAMRE

Rekvisitør: TONE B. OSA

Sufflør: BJØRG CHRISTOPHERSEN

---

Omslag: Vladimir Antonov

Teaterforlag: Nordiska Teaterförlaget/Edition Wilhelm Hansen

Programredaksjon: Halldis Hoaas

Foto: Frits Solvang

Programdesign og trykk: Otto Falch as

## Ein god venn


Kvar ny gong  
ein elskar har gått frå meg  
er du min beste venn.  
Når eg treng ei hand å halde,  
kjem du fyrst av alle.  
Du kjenner meg – åleine igjen.

Og eg veit, du tek tida til å høyre.  
Eg seier, eg er lei av menn.  
Neste gong skal eg gi blaffen  
og eg græt og veltar kaffen,  
men du ler mot meg:  
«Han kjem nok igjen.»

Og vi sit i ein bar  
til kvart på to,  
og vi slepper laus alt, som plagar no.  
Fortel kvarandre,  
men veit frå før,  
 kjærleik kjem,  
tida går.  
Lykka snur,  
gir deg sår.

Og eg spør deg  
om du nokon gong er einsam,  
om ikkje kulda snik seg inn.  
Og du seier,  
eg kan ta det.  
«Eg har lært meg noko av det,  
og ein einsam kveld gir dagen meire mot.»


Og vi sit i ein bar  
til kvart på to,  
og vi slepper laus alt, som plagar no.  
Fortel kvarandre,  
men veit frå før,  
kjærleik kjem,  
tida går.  
Lykka snur,  
gir deg sår.



Og vi undrast om eg får eit liv åleine,  
skal eg slå meg til ro.  
Og du stirrer på meg lenge,  
eg trur kelneren vil stengje,  
og eg seier: «Eg kan gå heim einsam no.»

Men om tretti år  
på same bar,  
der møttest vi att  
som venner plar.  
Fortel kvarandre,  
men veit frå før,  
kjærleik kjem,  
tida går.  
Lykka snur,  
gir deg sår.





## Musicals og musicals . . .

Om teaterhistorikarar er usamde om mangt, er dei samde om éin ting: det viktigaste amerikanske bidraget til utviklinga av det moderne teatret, er musicalen. Den moderne musicalen har røter langt attende i tida, i wieneroperetter og syngjespel, i music hall og vaudeville. Slik han framstår i dag, er han likevel ei amerikansk «oppfinning»: det som sermerkjer ein moderne musical, er at song og dans er integrerte i handlinga i staden for å vere frittståande nummer. Omslaget kom midt på førti-talet, historikarane er samde om å rekne «Oklahoma!» som den

første i rekkja av moderne musicals.

Forma utvikla seg raskt og vann stor popularitet, både i heimlandet og elles i verda. Topp-punktet på femtitalet var «West Side Story», utetter sekstitalet kom verds-suksessar som «Spelemann på taket» og «Mannen frå La Mancha». Alle desse fann vegen til Noreg og musical-teatret i Stortingsgata – Det Norske Teatret. Men mot slutten av seksti-talet syntest genren å tørke inn. Det kom lite nytt, dei fleste nye premierane på Broadway bygde på gammalt stoff presentert i ei musikalsk form, jamvel musikken syntest å repetere seg sjølv. Fornyinga kom frå rocken – som så ofte elles starta det off-off og off den «store kvite vegen», og som så ofte elles





var mannen som såg og trudde på det nye Joseph Papp. «Hair» eksploderte i musical-miljøet og skapte ei ny tidsrekning. I kjølvatnet følgde suksessar som «Jesus Christ Superstar» og «Godspell». Musicalen fekk ei ny utviklingsform: det byrja med plate (som med «Jesus Christ Superstar» og «Evita»), dersom plata vart suksess, bygde ein ut storyen og presenterte musikken frå scenen som ein musical. Tyngdepunktet for nyskaping flytte seg til England.

Men samstundes skjedde det andre ting i Amerika.

Flere stader byrja det dukke opp såkalla mini-musicals, framsyningar som ikkje kravde kjempescener, stor ballett og fullt orkester. Eit lite band, skodespearalarar som makta spelet, songen og dansen like godt, eit innhald det var meining i skulle det helst vere. Det Norske Teatret var tidleg ute med ein versjon av den nye retninga, «Kviskring i vind», som vart spela på Scene 2 i 1976. Det kom òg framsyningar i det vesle formatet vigde til ein framifrå komponist/tekstforfattar – til dømes «Jacques Brel er her i kveld og bur bra i Paris» (spela på Scene 2 i 1975) og «Side by Side by Sondheim», som ikkje har vore framført her heime. Frå dei seinaste åra kan vi nemne «They're Playing Our Song» – som nettopp handlar om eit konponist og tekstforfattarpar – og framsyninga i kveld.


«Det er jo mitt show!» syner at den amerikanske musicalen lever og er i utvikling, jamvel om dei store mammut-oppsetjingane på Broadway ikkje maktar å fornye seg.

Musikken i denne framsyninga er ei mild blanding av det amerikantarane kallar «vestkyst-rock» og rolege, melodiose balladar. Både musikk og tekst er prega av den lett ironiske, humoristiske distansen dei to opphavskvinnene har etablert til seg sjølve og stoffet sitt. I USA har den ny-feministiske rørsla gjort denne musicalen til sin eigen. Ei av jentene som har spela hovudrolla i New York seier det slik: «Dette er ikkje berre enda ein musical, liksom. Den har noko viktig å seie om kvinnefrigjering og publikum identifiserer seg med handlinga. Dei føler at dette vedgår dei. Og eg snakkar ikkje berre om kvinner. Det er like mange menn blant publikum. Faktisk hender det ofte at vi får ståande applaus og det er alltid ein mann som reiser seg først. Eg har elles høyrte denne kommentaren frå ei kvinne på veg ut av teatret: «Dette var både betre og billigare enn å gå til psykoanalytikaren min!»»

Rett nok finst det mange skilnader mellom det amerikanske samfunnet og det norske. Ikkje alle norske kvinner har sin eigen analytikar – enno!

Men Gretchen Cryer og Nancy Ford grip tak i opplevingar og røynsler som er allmenngyldige, fortel noko om forholdet mellom mann og kvinne i dag i kjølvatnet på kvinnefrigjeringa, fortel noko om ny erkjenning og nytt sjølvstende hos kvinner, eit mot til å kaste gamle roller på båten og vere seg sjølve på godt og vondt, dei fortel korleis mannen blir usikker i si rolle og kjenner seg truga av den «nye» kvinna. Å jo, det skulle vere mogleg å kjenne seg att for nokon kvar!







10g162077

*Det Norske Teatret*